# Sanningskommisjonen går folk  hus forbi

**FORSONING:** Har du høyrt om den norske sannings- og forsoningskommisjonen? Ikkje det? Då er du i godt selskap. Tre fjerdedelar av alle nordmenn har aldri høyrt om han. Det er urovekkande.

**ELIN SKAAR**
*Seniorforskar ved Chr. Michelsens institutt*



Den norske sannings- og forsoningskommisjonen vart nedsett av Stortinget i 2018 for å granska den uretten den norske stat gjennom historia har påført samar (vår einaste urfolksgruppe), kvenar, norsk-finnar og skogfinnar; offisielle minoritetsgrupper i Noreg.

Det at så få har høyrt om sanningskommisjonen er urovekkande. Kvifor? Fordi eitt av hovudmåla med kommisjonen er å foreslå tiltak til vidare forsoning mellom minoritetsgruppene og den norske stat, samt mellom minoritetsgruppene og det store fleirtalet i befolkninga. Før ein kan gå inn i ein forsoningsprosess må ein jo vita kva som er utført av urett og av kven.

Sjølv er eg ein typisk representant for det store fleirtalet. Eg var ikkje klar over at det gjekk føre seg ein dialog mellom Sametinget og ulike interesseorganisasjonar og Stortinget om å oppretta ein kommisjon som skulle utforska ei av dei mørkare sidene av norsk historie: vilja statleg undertrykking av folk på grunnlag av etnisitet og språk.

### Har sett djupe spor

I korte trekk forventa den norske stat at alle som bur i Noreg skulle beherska det norske språket, ha fast bustadadresse og innretta seg etter norske lover, sed og skikk. Alt som braut med dette, skulle helst fjernast. Den offisielle fornorskingspolitikken vart lagt vekk på 1960-talet.

Men undertrykkinga av språk og kultur og innblanding i tradisjonelle næringsvegar har sett djupe spor. Mange har mista språket sitt. Og sjølv om det no er ei bylgje av entusiasme der unge samar og kvenar og skogfinnar tar tilbake sitt eige språk og den kulturelle identiteten sin, høyrer vi stadig om døme på at dei møter fordommar og rasisme.

Ella Marie Hætta Isaksen, som mange vart kjend med då ho joika seg til siger i Stjernekamp i 2018, har vore ein god talsperson for unge samar. Førre tysdag stilte ho til samtale med Dagfinn Høybråten, som leiar sanningskommisjonen, på Litteraturhuset i Oslo. Der fortalde ho om den nye

> **Me veit nærast ingenting om verken historie eller notid**

boka si *Derfor må du vite at jeg er same*, og om kvifor det samiske språket og den samiske identiteten hennar er så viktig for ho.

### Kunnskapslaus majoritet

Usynleggjering av samane – og kanskje enno meir av kvenane og skogfinnane – er kjernen i eit komplekst problem. Me som høyrer til majoriteten er kunnskapslause! Me har aldri følt langtidsverknadene av hundre år med systematisk undertrykking på kroppen. Me veit nærast ingenting om verken historie eller notid.

Visste du for eksempel at Kautokeino er Noregs største kommune i areal, og at det er den einaste kommunen i Noreg – ja faktisk i heile verda – som har eit kommunestyre beståande av berre samar? At 95 prosent av alle som bur i Kautokeino snakkar samisk på skulen, på butikken, på teateret, i sportshallen? At det finns eit eige samisk Grand Prix?

### Ope møte i Báktehárjji

Alt dette og mykje meir som eg ikkje visste, kunne ordføraren i Kautokeino, Hans Isak Olsen, opplysa om då han ynskte kommisjonen velkommen i Báktehárjji; idrettshallen i Kautokeino, på eit ope møte i oktober. Ordføraren starta på samisk, men gjekk raskt over på norsk. Han ville nemleg ha ut også til dei som ikkje snakkar eller forstår samisk.

Heile kommisjonen, som forutan Høybråten består av elleve medlemmer og eit effektivt sekretariat og støtteapparat, vart ynskt varmt velkommen frå den store scena. Sjølv var eg der fordi eg forskar på urett og forsoning gjennom prosjektet TRUCOM. Under dette møtet lærte eg mykje om ting eg allereie burde ha visst noko om; eg fekk høyre om andejakta, om kva joik eigentleg betyr for den som joikar, og om kvifor det er viktig å ha tolkar i helsetenesta.



**UROVEKKANDE:** «Sanningskommisjonen (bilde) har ikkje lukkast i å vera synleg nok i arbeidet sitt» skriv kronikkforfattaren. Foto: Vidar Ruud/NTB

> **Kan hende skal me ikkje leggja alt ansvar over på kommisjonen. Kan hende skal me ta litt ansva**

### Har ikkje lukkast

Sanningskommisjonen har arrangert mange opne møte rundt i Noreg det siste par åra. Dei opne møta har særleg blitt lagt til Troms og Finnmark, men også til Nordland, Trøndelag, Røros, Oslo og Finnskogane. Under desse møta er alle inviterte til å delta og dela historiane sine, og til å komma med innspel til forsoning.

Kommisjonen har i tillegg deltatt på minst 80 andre møter eller seminar i regi av lokale aktørar rundt omkring i landet. Dei var til dømes tilstades i Vadsø då Ruija kvenmuseum vart opna i august. Visste du forresten at Vadsø er kvenhovudstaden i Noreg? Ikkje så rart om du ikkje visste det. Det nye kvenmuseet fekk stor merksemd i lokalavisene i nord, men vart knapt kommentert av media i sør.

Med den lunkne media-interessa i sør for det meste av det som skjer i nord, er det kanskje ikkje så rart at arbeidet til sanningskommisjonen har gått mange hus forbi. Men all skuld kan likevel ikkje leggast på mediene: sanningskommisjonen har ikkje lukkast i å vera synleg nok i arbeidet sitt.

### Ikkje for seint

No kan dette vera i ferd med å endra seg: Kommisjonen har skjønt at det hastar med å nå fram til fleire med informasjon om dette viktige arbeidet før rapporten med den detaljerte kartlegginga av fornorskingspolitikken, konsekvensen av denne politikken, og anbefalingar for vidare tiltak om forsoning, skal leggast fram for Stortinget 1. juni 2023. Skal dei lukkast, må dei nå fram til majoritetsbefolkinga; til oss som manglar kunnskap om samiske, kvenske og skogfinske spørsmål.

Men kan hende skal me ikkje leggja alt ansvar over på kommisjonen. Kan hende skal me ta litt ansvar sjølve også. Det er enno ikkje for seint å bli litt klokare.

Sjekk sanningskommisjonen si heimeside (uit.no/kommisjonen). Der legg kommisjonen ut informasjon om aktivitetar og kommande møte. Mange av møta vert sende «live», og opptak er å finna på kommisjonen sin eigen YouTube-kanal.

### Lytta

Viss du er interessert i å få ei kjapp innføring i kva alt dette dreiar seg om, kan du starta med å lytta til det fem minuttar lange opptaket med Ella Marie Hætta og Dagfinn Høybråten der Ella utrykker ynskje om at boka hennar kan vera med å tetta kunnskapshola våre. Denne boka ynsker i alle fall eg meg til jul!

**REGLER KRONIKK OG DEBATT** Kronikk: Maks 6.000 tegn. Hovedinnlegg: Maks 3.500 tegn. Innlegg og replikk: Maks 2.000 tegn. Kort sagt: Maks 1.200 tegn NB: Alle mål inkluderer mellomrom. Vi foretrekker ditt innlegg på e-post. Innlegg må signeres med fullt navn og presentasjon av forfatteren. Oppgi adresse og telefon. Legg gjerne ved bilde av deg selv til kronikk og hovedinnlegg. Konvolutter må merkes med «debatt» Redaksjonen forbeholder seg rett til å forkorte. Innsendte manus blir ikke returnert. Vårt Land betinger seg retten til å arkivere og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form i Vårt Lands eget arkiv eller andre databaser Vårt Land har avtale med. Stoffet kan også gjøres tilgjengelig på Vårt Lands internettsider. Politisk redaktør er Berit Aalborg og debattleder Dana Wanounou.



# Ungdom er ikke så skjøre

**ALL IN:** Mister vi ungdommens iver, er vi ille ute. Det avgjørende er å ha ledere som gir rom for å sette grenser.

**LIV OSNES DALBAKKEN**
*Lektor, Ulstein vidaregåande skule*



Høstens spalter i Vårt Land har vært fulle av skepsis mot og forsvar av arrangementet «The Send», et tverrkirkelig intensivmøte i juni som skal oppfordre ungdommer til kristent engasjement.

Slik jeg oppfatter debatten, er det uenighet om hvorvidt forkynnelsen blir for utfordrende. Tåler ungdommer presset? Eller vil stundens alvor og glød føre til overilte avgjørelser med påfølgende skuffelse over egen tilkortkommenhet?

I kjølvannet av debatten, i årets første adventsuke, undrer jeg på om Gud foretok de samme vurderingene da han ba Maria gå «all in».

### Skal verden få framover

Det var i alle fall et klokt valg å utfordre en tenåring. Skal verden gå framover, må det settes ungdom på saken. Ingenting er så tregt å få i gang som en tenåring, hvis motvilje råder. Men er engasjement og iver først tent, er det full fart forut.

I dag ser vi for eksempel hvordan kampen for klima drives framover av uredde ungdommer som ikke ser hindringer, men løsninger. Foreldregenerasjonen må finne seg i å leve i uro for hvor den ofte unyanserte iveren vil føre, for veien til framgang går ikke gjennom deres hang til risikoanalyse.

Joda, verden trenger realister som advarer mot impulsive avgjørelser som kan være skadelige for både enkeltmennesker og omgivelsene. Men mister vi ungdommens iver og vilje til å ofre noe for saken, er vi ille ute.

### Filmens moral

Kanskje er det «The wave» som har skremt oss, TV-filmen som ble vist i utallige klasserom på åttitallet. Basert på en sann historie fra USA forteller filmen historien om en historielærer som gjennom et kontroversielt eksperiment får med seg hele skolen i en totalitær og fascistisk bevegelse.

Plutselig er de litt slappe elevene ivrige og dedikerte, og følger lederen blindt, helt til et par skeptikere begynner å stille spørsmål. Forkritikerne blir tilvælrelsen farlig, og læreren får sin fulle hyre med å avslutte eksperimentet. Filmens moral er hvor lett mennesker kan la seg manipulere hvis det skjer på tilstrekkelig overbevisende måte.

> **Skal verden gå framover, må det settes ungdom på saken**

### Ledere skal være edruelige

Uten så mye erfaring som ballast, blir ungdom lett revet med. Derfor skal ledere være edruelige i sin oppfordring til å ofre alt for saken. Dette gjelder imidlertid ikke bare i religiøs sammenheng. Hvor ofte advares det mot å engasjere seg fullt og helt på andre arenaer der ungdom er aktive? Ingen kommer øverst på pallen uten dedikasjon og forsakelse. Og selv eneren på det lokale fotballaget som har ofra alt, kan oppleve skuffelsen ved å bli sittende på benken i en ny klubb. Ville det være bedre å la være å satse, så man slapp skuffelsen?

Jeg tror ikke det. Ungdom er ikke så skjøre som kritikerne vil ha det til, noe også Karoline Nyhaug understreker i Vårt Land 8. november. Hun har selv valgt å jobbe med The Send Norge, og protesterer mot umyndiggjøringen av ungdom som hun mener skepsisen mot arrangementet synliggjør.

Det avgjørende blir å ha ledere som gir rom for at det er mulig å sette grenser. En slik leder ble også viktig for meg, da jeg i ungdommen opplevde et møte som kontroversielt, både i form og forkynnelse. «Ta med deg det gode», sa hun. «Det du opplever skurrer, skal du la ligge».

### Å satse alt man har ved bordet

Å gå «all in» er et uttrykk fra pokerspillet, et litt artig paradoks når det her brukes som slagord for et kristent arrangement. Som ved mange andre uttrykk, har innholdet endret seg etter at det ble tatt i bruk i dagligspråket. I poker betyr «all in» å satse alt, men vel å merke alt man har ved bordet. For å unngå at ivrige spillere spilte seg «fra gård og grunn», ble det innført en regel som sier at du bare kan satse det du har på bordet når spillet starter.

Du kan altså ikke supplere ved å ta ut fra sparekontoen eller selge huset. Kloke ledere bør understreke nettopp dette overfor ungdommene på «The send»: Å satse alt betyr ikke å gå på akkord med sin egen kapital og kapasitet som menneske.

Som en klok leder kjente noe Gud Marias kapital og kapasitet så godt, at engelen, tross Marias unge år, kunne forsikre: «Frykt ikke».



**Å SATSE ALT:** «I poker betyr «all in» å satse alt, men vel å merke alt man har ved bordet» skriver kronikkforfatteren, som mener at lederne på The Send bør lære ungdommene det samme prinsippet. Foto: Chris Liverani / Unsplash

**UKESTART;**
Hver mandag kommenterer Emil Andre Erstad, Hilde Løvdal Stephens, Liv Osnes Dalbakken og Anne Håskoll-Haugen aktuelle samfunnsdebatter